



VAL

SKRIV TIL RØYSTESTYRA

Vallokala opnar kl. 12.00

Sjå etter at det utleverte materiellet stemmer med innhaldslista.

Alle i røystestyret skal gå med jakkemerke som viser at dei er valmedarbeidarar.

Alle valmedarbeidarar har teieplikt:

- Ein kan ikkje opplyse om enkeltpersonar har vore å røysta.
- Forbod mot å gje opplysningar om forbruk av røystesetlar.
- Forbod mot å offentleggjere manntal som er brukt til avkryssing.
- Forbod mot å offentleggjere valresultat og prognosar før vallokalet er stengt

Røystestyret skal syta for at trykte røystesetlar for alle partia til stortingsvalet (17 + blanke) skal liggja i kvart avlukke.

Bunkane bør ikkje vera for store, men kan etterfyllast ved behov.

Det er lurt å "lufte" røystesetlane før dei vert lagde ut, slik at ein prøver å unngår at fleire setlar heng saman.

Røysteavlukka må inspiserast ofte for å sjå etter at der ikkje ligg andre ting enn det som skal vera der.

I minst eitt avlukke er klistremerke for blinde og svaksynte limt på hyllekant framfor røystesetelen.

Vallister/røystesetlar

Følgjande parti stiller liste i Hordaland ved årets stortingsval:

Røystesetlane vert sett opp alfabetisk – frå venstre mot høgre i rekkefølge som vist i tabellen. Røystesetlar til stortingsvalet i Hordaland			
Arbeiderpartiet	Alliansen	Demokratene i Norge	Feministisk Initiativ
Fremskrittspartiet	Helsepartiet	Høyre	Kristeleg Folkeparti
Kystpartiet	Liberalistene	Miljøpartiet De Grønne	Partiet De Kristne
Piratpartiet	Rødt	Senterpartiet	Sosialistisk Venstreparti
Venstre	Blank		

Kven kan røyste:

Røysterett ved stortingsvalg har norske statsborgarar som oppfyller følgjande vilkår:

- a) Ein må ha fylt 18 år innan utgangen av valgåret
 - b) Ein har ikkje ha mista røysteretten etter Grunnloven § 53 og
 - c) Ein er, eller har nokon gang vore, folkeregisterført som busett i Noreg.
- (2) Tilsette i diplomatiet eller konsulatvesenet og deira husstand har røysterett uavhengig av vilkåret i bokstav c.
- (3) For å utøve røysteretten må veljaren være innført i manntallet i ein kommune på valgdagen.

Hovudregel:

Alle som møter opp i vallokalet på valdagen skal i utgangspunktet få røyste etter kvart som dei møter opp.

1. Veljar kjem inn i røystelokalet og vert vist bort til eit avlukke.
Presisere at ein ikkje må nytt ein annan røystesetel som omslag. Veljar skal i einerom og usett bretta saman røystesetelen slik at det ikkje er synleg kva liste veljaren har røysta på.
2. Veljar går bort til avkryssingsbordet
3. Røystemottakar leitar vedk. opp i manntal og kryssar av i rubrikken **Valting**.
4. Røystesetelen vert stempla. (Den skal liggje flatt på bordet.) Dersom ein ikkje treff med stempelen inne i ruta, må ein stemple på nytt.
Veljaren legg røystesetelen/røystesetlane i valurna.

NB! Dersom veljaren legg røystesetelen i urna før den er stempla, kan han få røyste på nytt. Ein må då skrive logg på hendinga. (1 røystesetel i urna manglar stempel).

Legitimasjon:

I loven står det at alle som ikkje er kjent for røystemottakar, skal visa legitimasjon. Gyldig legitimasjon er

- Pass
- Sertifikat
- Bankkort med bilde
- Postens id-kort

Omslagskonvoluttar:

"Framande røyster" § 9-5. 4. ledd

Veljarar som ikkje står i krinsen sitt manntal, men høyrer til i ein annan krins i kommunen, kan røysta, men skal ikkje leggja røystesetelen i urna. Etter at røystesetelen er stempla, skal veljarenen sjølv leggje den i ein røystesedelkonvolutt (brun), og gje den til røystemottakar. Røystemottakar legg røystesetelkonvoluttane i særskilt omslag, kleber den igjen og skriv på veljerens navn, bustadsadresse og fødselsdato. Dersom veljar har med valkort, kan ein nytta det og leggje valkort saman med røystesetelkonvoluttane i ein omslagskonvolutt.

Omslagskonvoluttane/særskilt omslag vert overlevert til valstyret etter at røystinga er slutt.

Veljarar som har førehandsrøysta

Veljarar som har førehandsrøysta har ikkje høve til å røysta på valdagen. Veljar må få opplyst at ei godkjent førehandsrøyst er endeleg, og at ein ny røyst på valtinget vil verte forkasta.

Dersom dei likevel krev det, skal dei ikkje avvisast, men veljar skal leggje røysetetelen i ein røysetelkonvolutt og gje den til røystemottar. (Prosedyre som ved framande røyster, ein nyttar særskilt omslag/omslagskonvolutt). Konvolutten skal ikkje leggjast i urna.

Veljarar som ikkje står i manntalet

Veljarar som er manntalsført i ein annan kommune, må visast dit.

Dersom veljaren likevel ønskjer å avgje stemme, skal stemmeseddelen stemplast og leggjast i stemmeseddelkonvolutt som igjen vert lagt i særskilt omslag.

(Prosedyre som ved framande røyster, ein nyttar særskilt omslag/omslagskonvolutt).

Konvolutten skal ikkje leggjast i urna.

Veljaren må samtidig gjerast merksam på at at røystegjevinga ikkje vil verta vidersendt til kommunen der vedkommande skulle røysta i, og at den derfor vert forkasta.

Veljarar med funksjonshemming § 9-5. 5. ledd

Veljarar som har behov for det, kan sjølv be røystestyret om å få nødvendig hjelp ved røystegjevinga. Veljarar med alvorleg psykisk eller fysisk funksjonshemming, kan sjølv peike ut ein ekstra hjelper blant dei personar som er til stades i vallokalet. Røystestyret skal gjere hjelparen merksam på at vedkommane har teieplikt.

Røysting utanfor vallokalet. § 9-6

Alle som er i stand til det, skal røysta inne i vallokalet. Berre veljarar som p.g.a. rørslehemming ikkje er i stand til å gå inn i vallokalet, kan røysta like utanfor til to av medlemmene i røystestyret. Veljaren skal få utlevert ein røysetetel frå kvart parti. Urna må takast med ut og veljaren legg røysteseddelen i urna.

Etter kl. 20.00

Vallokalet skal stengja kl. 20.00 (Presis!)

Alle som har møtt fram i tide, skal få røyste.

Leiar har ansvar for å gjere klart og å organisere oppteljinga.

Ingen urne må opnast før alle ubrukte røysetelar er lagt i plastsekkar og fjerna frå lokalet.

Ein set saman fleire bord og tømmer urnene.

Alle kretsne i Meland skal foreta ei foreløpig oppteljing av røysetelane på parti (grovteljing) så snart alt er klart.

Sortering av røysetelarsedler

Sorter på parti - ein treng ikkje fordela listene på retta og uretta.

Så snart ein har talt opp listene på kvart parti, ringjer ein inn resultatet. Treng berre telje ein gong. Endeleg teljing vert på rådhuset.

”Tvilsumme røystesetlar sorterast og og vert lagt til side (plastlomme).
Desse røystesetlane skal valstyret godkjenne/forkasta.

Viktig at alle røystesetlane vert lagt same veg.

Rekkefølge på oppgåvene for føring i møtebok:

- Telje kryss i manntal
- Telje særskilte røyster
 1. ”framande røyster”
 2. førehandsavkryssa/ikkje i manntal

Avkryssingsmanntal, stempel og røyster i særskilt omslag pakkast og forseglast.